

SAK 44/17 YRKESMESSA 2018, TILSKOT

Saksopplysing

Hallingdal har arrangerte yrkesmesse sidan 2000, stort sett annan kvart år. Siste yrkesmesse var i desember 2015 (vedlegg 1, intrykk 2015). Yrkesmesse er no planlagt i januar 2018.

For Hallingdal er eit av måla med yrkesmesse å synleggjera kvalitetane og mogelegheitene betre. Yrkesmesse er ein av innfallsvinklane som regionen går saman om og skal vera med å gje ei samla oversikt over utdannings-, fagopplærings- og yrkestilbod i Hallingdal. Messa skal hjelpe til med å informere og bevisstgjere elevane om dei val dei kan, eller må gjere i forhold til sine interesser og ynskjer. Yrkesmesse skal vere næringslivet/bedrifter/skulær sin presentasjon av sine yrker og utdanningar. ”Bransjane” inviterast til å vise sitt mangfald, og i samarbeid med utdanningsinstitusjonar og enkeltbedrifter kan dei og vise utdanningsveg gjennom utdanning og lærlingordningar.

I forhold til Strategisk plan for Hallingdal 2017 - 2020 er tiltaket i tråd med folk som ressurs, arbeidsplassar, styrke Hallingdal som ein attraktiv og berekraftig bu- og arbeidsmarknadsregion og som møteplass.

Yrkesmesse går over to dagar med ca. 500 elevar kvar dag.

Budsjett yrkesmesse

Kostnadar

• Prosjektleiar, eigeninnsats	kr.	80.000
• Transport	kr.	70.000
• Informasjon, marknadsføring	kr.	5.000
• Leige av lokalar, inkl. mat	kr.	260.000
• Leige av utstyr, deleveggar	kr.	80.000
• Div.	kr.	15.000
• Eigeninnsats bedrifter (stipulert)	kr.	3.000.000
• Eigeninnsats Regionrådet	kr.	40.000
• SUM	kr.	<u>3.550.000</u>

Finansiering

• Partnarksavtale Regionrådet - fylkeskommune	kr.	470.000
• HallingExpo	kr.	40.000
• Eigeninnsatsbedrifter	kr.	3.000.000
• Eigeninnsats Regionrådet	kr.	40.000
SUM	kr.	<u>3.540.000</u>

I tillegg til direkte kostnadane er yrkesmesse basert på ein stor del eigeninnsats.

Det som m.a. er spesielt for yrkesmesse i Hallingdal er at næringslivet ikkje betalar for standplass, men det er ein stor eigeninnsats. Dersom me går ut frå 40 utstillarar som i snitt brukar 150 timer til førebuing og stand blir det 6000 timer. I tillegg yter Storefjell Høyfjellshotell ein stor innsats med tilrettelegging, og der yrkesmesse disponera heile utstillingshallen. Godgjeringa er i hovudsak betaling av lunsj til ungdommen.

I tillegg har no HallingExpo prosjektleiaransvaret for yrkesmesse.

Vurdering

Ungdommen er den viktigaste ressursen i det framtidige Hallingdal. Me treng ungdom som kan og vil omstille og nyskape ut frå eigen kompetanse og ut frå lokale ressursar og behov. Samstundes blir Hallingdal tappa ikkje berre for akademiske ressursar, men òg for fagutdanna arbeidskraft.

Hallingdal har til dels store utfordingar i forhold til å sikre stabil arbeidskraft og er ein av regionane landet som har lågast arbeidsløyse. Det kan vera vanskar med å rekruttere arbeidskraft med fagutdanning og utdanning på høgare nivå. Dette er ein trussel i forhold til både dei offentlege tenestene og utviklinga av næringslivet.

For Hallingdal er eit av måla å synleggjera kvalitetane og mogelegheitene betre. Yrkesmessa er ein av innfallsvinklane som regionen går saman om. Felles innsats frå næringslivet, ressurs-/kompetansesenter og det offentlege er avgjerande for å lykkast. Me veit at mange unge ofte har liten kjennskap til dei mogelegheitene dei har for arbeid i lokal arbeidsmarknad. For seint blir ungdommen klar over at dei utdanningsval dei har teke, gjer det vanskeleg å busetja seg i regionen. Paradokset er at det finns bedrifter som ikkje får rekruttert arbeidskraft, samtidig som ungdommen ikkje er klar over kva behov næringslivet har.

Med eit auka samarbeid mellom ungdom, skule og næringsliv vil ungdommen og skula få auka kjennskap til næringslivet og utdanningsmogelegheiter vil kunne bli tydelegare.

Samspelet mellom utdanningssystemet og næringslivet blir stadig viktigare for nyskaping og innovasjon. Det er derfor viktig at det blir utvikla tettare koplinger mellom utdanningsinstitusjonar og næringsliv på alle nivå.

Det er eit mål at skula må bli endå meir fokusert på lokalt næringsliv, slik at rådgjeving og opplæring i sterkare grad kan tilpassast og samarbeidast opp mot det lokale næringsliv.

Med bakgrunn i drøftingar som har vore mellom ungdomsskulane, dei vidaregåande skulane i Hallingdal, Regionrådet for Hallingdal, næringslivet og opplæringskontora er det ikkje tvil om at dette er eit prioritert og positivt tiltak. Ut frå evaluering (2013) som vart gjennomført blant lærarar og utstillarar er det ikkje tvil om at yrkesmessa er eit positivt tiltak som det er eit sterkt ynskje om at skal vidareførast. At 97% av utstillarane ynskjer å delta på neste yrkesmesse er viktige og positive signal. Og det er svært gledeleg at HallingExpo teke på seg prosjektleiaransvaret for yrkesmessa.

Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 470.000 til gjennomføring av yrkesmessa 2018, med finansiering frå partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune.

Ål 10.11.2017


Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg 1: Intrykk yrkesmessa 2015


YRKESMESSA HALLINGDAL 2015

- | | |
|--|---|
| 1. Politiet | 13. Hallingdal brann og redning |
| 2. OLT logistikk og transport | 14. Vestre Viken prehospital tjenester |
| 3. Hallingdal kraftnett | 15. Hallingdalen |
| 4. Hallingdal opplæringskontor
(Reiseliv, matfag) | 16. OBU opplæringskontoret for Bygghåndtverksfagene |
| 5. Fagskolen Tinus Olsen | 17. Bygg OPP BVT Byggfag |
| 6. Fagskolen innlandet | 18. Elfib elektrofagene |
| 7. OKAB-BVT Anlegg og bergfag | 19. Hegskolen sogn og fjordane |
| 8. Frisørernes Opplæringskontor | 20. Kommunene i Hallingdal |
| 9. Industriportet | 21. Ål kommune heisefag |
| Defa | 22. Hallingdal 2020 |
| Hallingplast | 23. Nav Hemsedal og Gol |
| Gol stål | 24. Kreator |
| Protan | 25. Universitetet i Oslo |
| 10. Bilbransjens opplæringskontor | 26. Sparebank1 Hallingdal og valdres |
| 11. Os videregående skole | 27. Skue sparebank |
| 12. Velg naturbruk
(skog, gartner, agronom) | 28. E-co vannkraft |





Vedlegg 1. sak 44 -17



Vedlegg 1, sak 44 -17





Kva yrke skal eg satse på?

■ Fullt hus på Storefjell

Denne veka hadde yrkesmessa på Storefjell besök av over 1000 skuleelevar frå heile Hallingdal.

SINDRE THORESEN LØNNES
stl@hallingdolen.no

Det vrimalar av ungdommar rundt standane i messehallen på Storefjell Resort Hotel. Koncentrert klatrar Vebjørn Opsata (17) oppover ein lyktestolpe. På kroppen har han klatresele, på føtene er det festa stolpesko.

- Det er viktig at du bevegar føtene roleg, forklarar Fredrik Garnås frå Hallingdal Kraftnett.

Etter litt prøving og feiling kjem Vebjørn seg heilt til topps.

- Moro å prøve dette. Det var ikkje fullt så enkelt som eg hadde trudd, smiler han då han kjem ned på trygg grunn att.

Som mange andre av ungdommane på messa synest han det er fint med ein litt annleis dag, og brukar tida godt til å sjå på alle demonstrasjonane rund om.

Over 100 yrke

For bedriftene er yrkesmessa ein viktig plass for å vise seg fram. Hallingdal Kraftnett var ein av nesten 50 utstillarar som til saman representerte over 100 forskjellige yrke og yrkesval.

- Me vil synge at me er ein attraktiv arbeidsplass i Hallingdal. Her møter me mange engasjerte ungdommar, fortel planingeniør Asle Olav Garnås.

Målet med yrkesmessa er to-delt. Det eine er å synge elevane

kva for val dei har i arbeidslivet. Her hører det også med å hjelpe dei å finne fram til utdanningsvegen for dei ulike yrka. Vidare gir yrkesmessa næringsliv og offentleg forvalting hove til å synge fram utvalet av arbeidsplassar i Hallingdal. Dette er viktig i arbeidet med å få ungdom til å söke seg atteende til dalen seinare i livet.

God balanse

Prosjektleiar for yrkesmessa Pål Rørby er nøgd med gjennomføringa.

- Utstillarane har gjort ein god jobb med å engasjere ungdommane. Det er ein god balanse mellom informasjon om fag og leik og moro. Det er også ei god blanding av teoretiske og praktiske yrkesval, seier Rørby.

Med ulike aktivitetar og konkurransar var det mykje for elevane å ta seg til. I tillegg hadde mange i skuleoppgåve å intervjuer dei ulike yrkesgruppene.

Spennande

Anne Skrindo Danielsen (14) og Beate Bjella (14) frå Ål ungdomsskule valde å intervjuer ein representant frå designbyrået Kreator.

- Eg synest det virkar spennande med eit kreativt yrke, seier Beate.

Dei to jentene har hatt godt utbytte av messa og har fått sjå mange spennande yrke og studierettingar.

- Sjukepleiar er eit interessant yrke. Og så virkar det moro å kunne gå på ein vidaregåande skule med naturbrukspecialisering slik som på Rosthaug vgs., seier Anne Skrindo Danielsen.



PRAKTIK: Vebjørn Opsata (17) fekk prøve seg på stolpeklatring. Fredrik Garnås frå Hallingdal Kraftnett instruerer.



JOURNALISTAR: Anne Skrindo Danielsen (14) t.v. og Beate Bjella (14) frå Ål ungdomsskule intervjuer ein representant frå designbyrået Kreator.



SYNLEG: - Me vil synge at me er ein attraktiv arbniør Asle Olav Garnås frå Hallingdal Kraftnett.

SETT UTTATE

John-Ragnar Aarset
Statssekretær i Samferdselsdepartementet (H).

hallingdelen
LAURDAG 12. DESEMBER 2015

KRYSSORD

SIGNATUREN

Gudbrand Gulsvik
Skogbrukar.
Bur i Nesbyen.



eidsplass i Hallingdal, fortel planingene-

MANGE INNTRYKK: Skuleeleverne fekk sjå mange spennande demonstrasjoner på Storefjell.

KAMPENE
Et portrett av Kim Friele
OLA HENMO

CAPPelen Damm

Møt Kim Friele

Laurdag 12. desember
kl. 12:00

Ho signerer boka *Kampene*,
hos Norli Ål:

norli

Ål



Norsk Spekemat AS

Her finner du
Norsk Spekemat i desember

Flå v/ Kjøpesenteret 12/12

Nesbyen v/ Kiwi 18/12

Geilo 12/12, 19/12, 20/12,
21/12, 22/12



Husk at du også
kan bestille fra
nettbutikken vår.

Norsk Spekemat AS

www.norskspekemat.no • Tlf: 474 65 321

Julenøtter

10
DESEMBER

LUXUS JULETRØE u/lys
i grønn plast, 210 cm. kr. 1499
TILBUD KR. 699,-



Bohus®
MØBELHUSET GOL
GLITRE NÆRINGS PARK - TLF. 32 02 99 90
ÅPENT 10-20 (16)

11
DESEMBER

INTERSPORT
SPORT TO THE PEOPLE

Rossignol
Markedets røreste SkinTec-ski
for deg som har kjent forskjell
på porslene og sandpapir.
En fantastisk smørefri klassiskski
som passer til alle føretyper.
Integrt fell av Mohair i
smøresonen, noe som sørger for
at både glid og feste blir godt
ivaretatt. Her kan man alltså få
tak i en ski som man ikke trenger
å smøre, det er bare å knyte på
seg skoene og gå rett ut på tur.
R-Skin en usedvanlig lettgått ski.
Skien kommer med Honeycomb
kjerner, som gir en av markedets
letteste ski.
Røtfella Xcelerator Classic
binding følger med på skien.

Pakkepris!
2999,-
Før: 5.698,-



GOL
TLF: 320 73 355
Mail: post@gol.intersport.no
Besøk vår felles nettbutikk på WWW.BEITOSPORT.NO

GEILO
TLF: 320 91 200
Mail: post@geilo.intersport.no

SPORT TO THE PEOPLE

Klikk deg inn på **Hallingdølen**